



RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN  
STRANDA KOMMUNE  
2020-2024



## Innhold

INNLEIING .....	3
1.0 NASJONALE RETNINGSLINER OG LOVGRUNNLAG .....	4
1.1 Kommunale føringar og planforankring .....	5
2.0 VURDERING AV DEN RUSPOLITISKE SITUASJONEN.....	5
2.1 Rusmiddelsituasjonen i Norge.....	5
2.2 Fakta om levekår i Stranda kommune .....	7
2.3 Rusmiddelsituasjonen i Stranda kommune .....	8
2.4 Statistikk over legemiddel.....	9
2.5 Ungdata undersøking .....	10
2.6 Rapport frå politiet.....	11
3.0 MÅL OG STRATEGIAR .....	12
3.1 Regjeringa sine mål og strategiar .....	12
3.2 Mål og strategiar for Stranda kommune .....	13
3.3 Alkoholpolitikken i Stranda .....	13
3.4 Ulike instansar i Stranda kommune.....	14
4.0 ARBEIDSGRUPPA SI VURDERING .....	18
5.0 OPPFØLGING AV ARBEIDET.....	19
5.1 Ansvar for oppfølging.....	19
5.2 Tiltak som krev tilførte ressursar som skal arbeidast inn i økonomiplan .....	19
Referansar.....	21
Vedlegg 1 Ung-data for ungdomskulene .....	23
Vedlegg 2 Ung-data for videregående .....	24

## **INNLEIING**

Ruspolitisk handlingsplan 2020- 2024 utgjer Stranda kommune sine samla mål og strategiar på rusmiddelområdet. Planen omfattar alkohol, narkotiske stoff og legemiddel.

Planen skal seie noko om dagens situasjon og satsingsområda til Stranda kommune innan førebygging, behandling, rehabilitering.

Planen er todelt, med ein del som omhandlar førebyggjande arbeid og tiltak, og ein del med retningsliner for kommunal omsetnadspolitik for alkohol. Del to er behandla i eiga sak.

Rammene for norsk alkoholpolitikk er fastsett i den nasjonale alkohollovgivinga. I Stortingsmelding *30 Se meg! En helhetlig ruspolitikk* blir det peika på at arbeidet med alkoholpolitisk og ruspolitisk handlingsplan må inngå som ein del av kommunen sine alminnelege planarbeid og vere forankra i kommunen sitt folkehelsearbeid.

## 1.0 NASJONALE RETNINGSLINER OG LOVGRUNNLAG

Hovudlinene i den førebyggjande ruspolitikkk blir trekt opp i Meld. St. 30 *Se meg En helhetlig rusmiddelpolitikkk* og Meld. St. 19 ( 2014-2015) *Folkehelsemeldingen Mestring og muligheter*.

Disse stortingsmeldingane har fått brei tilslutning i Stortinget og blir lagt til grunn i befolkningsretta rusmiddel og førebyggjande arbeid.

*Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017- 2026 (Folkehelseprogrammet)*, handlar om ei styrking av det rusførebyggjande arbeidet og det å fremje psykisk helse gjennom å hindre utanforskap.

Hovudmålet til regjeringa for rusmiddelpolitikken er å redusere dei negative konsekvensane av rusmiddelbruk overfor einskildpersonar, for tredjepart og for samfunnet, og bidra til fleire friske leveår for befolkninga.

Følgjande fem område blir vektlagt:

- Førebyggjande og tidleg innsats
- Samhandling – tenester som jobbar saman
- Auka kompetanse og betre kvalitet
- Hjelp til tungt avhengige – redusere overdosedødsfall
- Innsats for pårørande og mot passiv drikking

Utover stortingsmeldingane om heilskapleg rusmiddelpolitikkk og folkehelsemeldingane legg følgjande dokument særleg føringar for arbeidet med planen:

- [Prop. 15 S \( 2015-2020\) Opptappingsplanen for rusfeltet](#)
- [Meld.St. nr. 16 \( 2010- 2011\) Nasjonal helse – og omsorgsplan \( 2011 – 2015\)](#)
- [Meld.St.nr.47 \( 2008 – 2009 \) Samhandlingsreforma](#)
- [Rundskriv IS 1/ 2015, Nasjonale mål og prioriteringar på helse- og omsorgsområdet i 2015, Helsedirektoratet.](#)
- [Meld. St.19 \( 2018 – 2019\) Gode liv i eit trygt samfunn»](#)

Det er også nedfelt visse ramme for rusmiddelpolitikken i lovgivinga. Kommunen blir pålagt å løyse fleire oppgåver på rusmiddelfeltet blant anna i følgjande lover:

- [Lov av 2 juni 1989 nr. 27 om omsetnad av alkoholhaldig drikk m.v](#)
- [Lov av 24 juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid](#)
- [Lov av 17 juli 1992 nr. 100 om barneverntenester](#)
- [Lov av 24 juni 2011 nr. 30 om kommunale helse – og omsorgstenester m.m](#)
- [Lov av 2 juli 1999 nr. 62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern](#)
- [Lov av 2 juli 1999 nr.61 om spesialisthelsetenesta m.m](#)

## **1.1 Kommunale føringar og planforankring**

Stranda kommune sin visjon er « *Til å vere stolt av*».

Visjonen uttrykkjer eit felles ønskje om ein god livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Frå satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel ligg mål om rusførebyggjande tiltak og tiltak retta mot psykisk helse for barn og unge, og det ruspolitiske arbeidet i kommunen skal vere ein del av folkehelsearbeidet, fokus på tidleg innsats, helsefremjande og førebyggjande arbeid står sentralt.

Ein ruspolitisk handlingsplan dekkjer mange sektorar og einingar i kommunen, og mål og tiltak i denne planen er tilgrensande og overlappande med andre planar. Denne planen har eit klart fokus på rusmidlar, men må sjåast i samanheng med:

- Kommuneplan samfunnsdel 2019- 2031. Overordna visjon, mål, og strategiar og folkehelsesatsinga.
- Budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023. Oppfølging av kommuneplanen sine satsingsområde.
- Folkehelseoversikta er under arbeid skal vere ferdig i 2020.
- Helse og omsorgsplan 2016-2018 ( blir revidert i løpet av 2020).

## **2.0 VURDERING AV DEN RUSPOLITISKE SITUASJONEN**

### **2.1 Rusmiddelsituasjonen i Norge**

Avdeling for rusmiddelforskning ved Folkeinstituttet publiserer årleg rapporten *Rusmidlar i Norge* med statistikk over forbruk av alkohol og andre rusmidlar. Gjennom denne rapporteringa blir utviklinga og endring i befolkninga sin bruk av rusmidlar følgd. Faktagrunnlaget under er henta frå denne rapporten.

#### **Alkohol**

Alkoholforbruket kan vi dele inn i to hovuddelar. Den eine er det vi kallar registrert forbruk, som inneheld sal frå butikkar, vinmonopolet as og skjenking frå kafear, restaurantar, hotell og liknande. Den andre er det vi kallar uregistrert forbruk, og dette omfattar dels lovleg turistimport, heimeproduksjon, dels frå lovleg eller ulovleg grensehandel, dels frå ulovleg import og smugling, og ulovleg heimeproduksjon.

I 2018 var alkoholomsetnaden frå alle kjelde, omrekna i liter alkohol per innbyggjar 15 år og eldre, på 6,77 liter.

År	2014	2015	2016	2017	2018
Alkohol totalt liter	6,06	5,97	6,03	6,00	6,02
Brennevin	1,04	1,03	1,01	1,01	0,97
Vin	2,25	2,22	2,21	2,19	2,20
Øl	2,62	2,57	2,65	2,63	2,66
Rusbrus	0,15	0,15	0,16	0,17	0,19

*Kjelde FHI*

Den avgiftsbelagde alkoholomsetningen i Norge auka kraftig frå byringa av 90 talet til 2008, men har gått nedover etter det. I dei siste fem åra har den avgiftsbelagde omsetningen av rein alkohol ligge på ca. 6 liter per innbyggjar, 15 år og eldre.

Den u-registrerte omsetningen var for 2018 ca. 0,75 liter rein alkohol, der *taxfree* - salet ved norske flyplassar sto for om lag halvparten. Dei to siste åra har dette talet vore uendra.

Om lag 85% av den vaksne befolkninga drikk alkohol. Ca. 27% i alderen 16-24 år seier at dei har vore tydeleg rusa ein eller fleire gongar den siste månaden. Rus-frekvensen blir lågare med aukande alder.

Gjennomsnittleg debutalder for alkohol held seg stabilt på 14,5 år for øl og 15 år for vin og brennevin (*Forebygging.no*).

Samanlikna ein det med andre land, har Norge eit relativt lågt alkoholforbruk. Samstundes har vi eit drikkemønster som blir kjenneteikna av at det blir nytt store kvantum når vi først drikk. Auken i alkoholkonsum, særleg blant den vaksne delen av befolkninga, blant kvinner, eldre, gir grunn til uro og må møtast med forsterka innsats.

### **Narkotiske stoff**

Det er naturleg nok ikkje noko data/register over omsetningen av narkotika. For å kunne seie noko om narkotikamarknaden nyttar ein i staden Tollvesenet og Politiet sine beslag av ulike stoff, samt opplevd tilgjenge og prisutvikling.

### **Dei viktigaste utviklingstrekk i 2019**

- Auke i talet på narkotikasaker for første gong sidan 2014.
- Hasj blir stadig oftare beslaglagd og har høgare styrkegrad.
- Oftare beslag av store mengder kokain.
- Auka mengder av det opioidhaldige legemiddelet Tramadol.
- Nedgangen i beslag av NPS (*nye psykoaktive stoff*) held fram.

Cannabis er den største gruppa narkotika i Norge, og utgjer ca. 44 % av alle beslag. Amfetamin og metaamfetamin er den nest største gruppa og aukinga i førekomsten av metaamfetamin i Norge er bekymringsfull. Bruken av kokain er stigande, medan bruken av heroin syner ein liten nedgang (*Helse og omsorgsdepartementet 2018*).

I 2018 rapporterte 20,9 % av den vaksne befolkninga at dei har nytta cannabis nokre gongar i løpet av livet. Ca. 4,2 % har brukt cannabis i løpet av det siste året, og 1,7 % i løpet av den siste månaden.

Bruken av cannabis er mest utbreidd blant dei unge. I aldersgruppa 16-24 år rapporterer 13,6% av menn og 7,7% av kvinner at dei har brukt cannabis i løpet av det siste året.

Talet på personar som er sprøytemisbrukarar i Norge har vore stabilt i mange år og ligg mellom 8000 – 10 000 brukarar.

### **Vanedannande legemidlar**

Med vanedannande legemidlar meiner vi legemidlar som blir brukt til medisinsk behandling, men som kan over tid resultere i ein avhengigheit hos pasienten.

Ein del pasientar brukar desse legemidla i store mengder og/eller lengre tid enn anbefalt. Dette kan ha uheldige konsekvensar både for einskildpersonar og for samfunnet.

Vanedannande legemidlar omhandlar i all hovudsak sovemiddel, angstdempande midlar, samt sentraltverkande smertestillande middel, sentralstimulerande midlar, midlar til behandling av opioidavhengigheit og nokre hostedempande midlar (*Folkehelseinstituttet*). Desse legemidla har reseptstatus A (narkotiske stoff) eller B (andre vanedannande legemidlar).

Siste året fekk ca. 1.2 millionar nordmenn over 18 år utlevert vanedannande legemidlar. Dette tilsvara ca. 35 prosent av befolkninga. Andelen ungdom mellom 15-16 år som rapportera at dei har brukt vanedannande legemidlar har det i dei seinare åra ligge stabilt mellom 10 og 14 prosent. Vidare syner tal at personar i befolkninga mellom 16-79 år som brukar sovemiddel i løpet av dei siste 12 månadane har ligge stabilt på 10 – 12 prosent. Medan bruken av smertestillande er klart større og ligg rundt 25 prosent.

Bruk av sovemiddel aukar med aldersgruppa, og det er høgare andel kvinner enn menn som brukar smertestillande. Eldre brukar ofte mange legemidlar, og er dermed meir utsett for biverknader og interaksjonar

## **2.2 Fakta om levekår i Stranda kommune**

Pr. 1.1 2019, har Stranda kommune 4565 innbyggjarar. Kommunen har eit stort areal med fire bygdelag. Dei fleste innbyggjarane bur på Stranda, og alderssamansetninga syner ein aldrende befolkning. Stranda kommune er den kommunen i Møre og Romsdal med høgast innvandrarbefolkning «arbeidsinnvandrarar» på 19.8 prosent (*2019 tal*).

Fylkesstatistikken 2019 syner at befolkninga i Stranda kommune som er over 16 år har 23,5% høgare utdanning. Tilsvarande tal for Møre og Romsdal er 33%. Prosentdelen er lågare for menn enn for kvinner.

Stranda kommune har relativt lav arbeidsløyse og lønnsnivået ligg ein over gjennomsnittet i Møre og Romsdal.

## 2.3 Rusmiddelsituasjonen i Stranda kommune

### Alkoholomsetnad

Offentleg registrert omsetnad av alkohol skjer gjennom butikkar, Vinmonopolet As og bedrifter med skjenkeløyve.

#### Kommentar omsetnadstal:

- Alkoholfritt produkt har ein alkoholprosent inntil 0.7%. øl- cider
- Alkoholgruppe 1 har ein alkoholprosent inntil 0.7% - 4,7 %. øl –vin- cider- rusbrus
- Alkoholgruppe 2 har ein alkoholprosent 4,7%- 22%. øl – svakvin- sterkvin
- Alkoholgruppe 3 har ein alkoholprosent 22%- 60% brennevin.
- Det kan sjå ut som om at det blir innført større mengde alkohol illegalt og legalt som det ikkje finns statistikk over.

Omsetnad i liter for dei ulike gruppene.

#### **Tabell omsetnad skjenkeløyve 2012-2018: Stranda kommune hadde 25 skjenkeløyve i 2019**

Gruppe	2012	2013	2014	2015	2017	2018
Omsetnad Gr.1	61 169	61 215	50 147	59 889	52 906	61 034
Omsetnad Gr.2	16 315	16 582	16 521	14 590	19 553	19 081
Omsetnad Gr.3	1 821	1 839	1 536	1 781	1 541	1 288

#### **Tabell omsetnad ved salsløyve butikk: 2012-2018 - Stranda kommune hadde 8 salsløyve i 2019**

Gruppe	2012	2013	2014	2015	2017	2018
Omsetnad Gr. 1	220 585	213 081	226 824	222 599	242 517	244 720

#### **Tabell omsetnad ved Vinmonopolet på Stranda - Eit løyve i Stranda kommune**

Gruppe	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Oms. Alkoholfritt			317	334	379	302
Omsetnad Gr.2			52 622	54 463	55 477	56 838
Omsetnad Gr.3			10 685	10 609	10 987	10 856



## 2.4 Statistikk over legemiddel

### Nokre legemiddel- Kjønn samla 0-74 år

Heile landet: Antal personar pr 1000.

LEGEMIDDELGRUPPE	2012-2014	2013-2015	2014-2015	2015-2017	2016-2018
Smertestillande opioider	94,8	96,0	96,9	97,5	97,4
Midler / psykiske lidingar	67,8	68,2	69,2	70,3	71,2
Sovemidler- beroligende m	93,1	92,9	92,9	92,7	92,5
Sovemidler vanedannande	67,7	57,0	56,4	55,3	54,2
ADHD - midlar	7,3	7,6	8,1	8,6	9,2

#### Stranda kommune:

LEGEMIDDELGRUPPE	2012-2014	2013-2015	2014-2015	2015-2017	2016-2018
Smertestillande opioider	66,4	66,4	64,9	67,4	70,4
Midler / psykiske lidingar	48,2	48,2	51,6	55,4	57,2
Sovemidler- beroligende m	66,0	63,0	61,5	60,4	59,3
Sovemidler vanedannande	41,2	38,3	35,7	33,7	32,8
ADHD - midlar	3,9	4,4	5,6	6,6	7,6

Kjelde Folkehelseinstituttet ( khs.fhi.no)

**Opioider:** Stoff som verker på opioidreseptorer i sentralnervesystemet. Disse kan enten være stoff forkrommande i opium (morfin med fleire), syntetisk framstilt frå desse (kodein med fleire) eller naturleg førekomst i kroppen (endorfiner).

Ut frå Folkehelseinstituttet/reseptregisteret sin nasjonale statistikk over alle reseptbelagde legemiddel ekspedert frå apotek, er ikkje situasjonen i Stranda kommune urovekkande. Men vi må absolutt ikkje slå oss til ro med dette fordi - skjult bak ein fin statistikk - er det einskildpersonar som har uheldig legemiddelbruk og nokre kan ha behov for særleg behandlingstilbod. Statistikken seier heller ikkje noko om illegal bruk av legemidlar.

## 2.5 Ungdata undersøking

Ung-

data undersøkinga frå 2020 er ei spørjeundersøking som vart gjennomført på ungdomsskulane og vidaregåande skular i Stranda kommune. Fleire opplysande tabellar ligg vedlagt. Det vi kan sjå ut i frå tabellane, er at ungdom under 18 år får tilgang på alkohol i familie, nettverk og butikk/vinmonopol. Det fordrar at kommunen driv opplysning- og kontrollarbeid ovanfor både næring og vaksne. Fleire tabellar frå Ungdata 2020 ligg som vedlegg.

### 1: Korleis unge skaffar seg alkohol – ungdomsskulen

#### Hvordan unge skaffer seg alkohol


ungdata

OSLOMET

STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOWA

Du har tidligere svart at du har drukket alkohol. Hvordan har du fått tak i alkoholen du drakk? Kryss av for nei eller ja på hver linje

Spørsmålet er kun stilt til de som har svart at de har drukket minst en alkoholenhet.



### 2: Korleis unge får skaffar seg alkohol – vidaregåande

## Hvordan unge skaffer seg alkohol


ungdata

OSI  
DMET

STORHUNIVERSITETET  
VELFERSFORSKNINGSINSTITUTTET NOVA

Du har tidligere svart at du har drukket alkohol. Hvordan har du fått tak i alkoholen du drakk? Kryss av for nei eller ja på hver linje (Prosentandelen er har svart 'ja')

Spørsmålet er kun stilt til de som har svart at de har drukket minst en alkoholenhet.



## 2.6 Rapport frå politiet

### Tala er henta frå systemet PAL for straffesaker

Narkotikasaker er alt frå oppbevaring, bruk og sal.

Valdssaker er alt frå lekamskrenking til familievold.

Vern av den offentlege ro og orden inneheld mange ulike tilhøve.


Nokre av sakene går på uforsiktig bruk av våpen.

Påverka køyring legemidlar, alkohol og narkotika.

Nokre saker er både narkotikasaker og sak på ruspåverka køyring.

Tala er ei oversikt, der det kan førekome feil.

Ein har valt å slå saman Stranda og Sykkylven i statistikken, fordi dei ulike sakene/ lovbrotta går over kommunegrensene.



I statistikken har vi teke med alle bygdelaga i Stranda kommune

### 3.0 MÅL OG STRATEGIAR

#### 3.1 Regjeringa sine mål og strategiar

Hovudmålet til regjeringa er å redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk for enkeltpersonar, for tredjepart og for samfunnet og bidra til fleire friske leveår for befolkninga. Dette skal sikrast gjennom ein heilskapleg rusmiddelpolitikk, aktiv førebygging, tidleg innsats og hjelp til dei som har omfattande rusproblem, til ein politikk som tek i vare pårørande og tredjepart som blir råka av rusmiddelbruk.

**Regjeringa vektlegg særleg følgjande fem område:**

- **Førebygging og tidleg innsats**

Å redusere tilgangen til rusmidlar er den mest effektive førebyggjande verkemiddelet. Dette omhandlar ein restriktiv alkoholpolitikk, å nedkjempe narkotika gjennom forbod, innsats mot narkotikahandel og organisert kriminalitet. Vidare er det viktig med etterspørselreducerande tiltak, førebygging, behandling, rehabilitering og skadereduksjon.

- **Samhandling – tenester som jobbar saman**

Det er viktig å sikre heilskapleg og tilgjengelege tenester som byggjer på eit sterkt brukar- og meistringsperspektiv. Samhandlingsreforma sine mål skal etterlevast også på rusfeltet. Det

skal leggjast til rette for styrka kommunale tenester kombinert med tilgjengelege og desentralisert spesialisthelsetenester.

- **Auka kompetanse og betre kvalitet**

Det er viktig å auke kompetansen om rus, avhengigheit, og psykisk helse i alle sektorar. Meir og betre data på rusmiddelområdet er ein sentral del av dette. Regjeringa vil gjennom opptrappingsplanen for rusfeltet styrke forskning og undervisning, kompetanse, rekruttering og kvalitet i alle tenester. I tillegg er det viktig at kompetansen i frivillig sektor, samt styrke samarbeidet mellom offentleg tenesteapparat og frivillig sektor.

- **Hjelp til tungt avhengige – redusere overdosedødsfall**

Det er eit mål for regjeringa å avskaffe opne rusmiljø og sikre trygge og gode sentrumsmiljø. Samstundes må innsatsen mot tungt avhengige styrkast for å redusere skadar og dødsfall. Personar med rusutfordringar skal og må møtast med helsehjelp heller enn tradisjonell straff.

- **Innsats for pårørande og mot passiv drikking**

Her er det særleg fokus på barn og pårørande av rusavhengige foreldre, samt barn født med alkoholskadar og barn og kvinner i legemiddelassistert rehabilitering (*LAR – behandling*). Vidare er det viktig at helse- og omsorgstenestene er merksame på at pårørande kan ha eigne behov som må takast i vare. Pårørande er ein viktig ressurs for personar med rusproblem, dei sit med erfaring som behandlarar og som teneste kan nytte seg av.

### **3.2 Mål og strategiar for Stranda kommune**

*Hovudmålet for Stranda kommune sin rusmiddelpolitikk er å redusere dei samla rusmiddelskadane og dei belastningane rusmisbruk fører med seg. Arbeidet skal ha eit særleg fokus på ungdom og rusmiddel i et folkehelseperspektiv.*

Med fokus på tidleg innsats, helsefremjande og førebyggjande arbeid og tiltak retta mot psykisk helse, er følgjande strategiar og innsatsområde prioritert i det ruspolitiske arbeidet i Stranda kommune 2020 – 2024.

- Ein forsvarleg lokalt tilpassa alkoholpolitikk
- Førebyggjande arbeid mot born, unge og eldre
- Fagleg gode oppfølgingstenester
- Styrking og samordning av kommunalt hjelpeapparat
- Styrke bu-tilbodet for rusavhengige

### **3.3 Alkoholpolitikken i Stranda**

Vi ønskjer ei sunn og seriøs næring, med løyvehavarar som er bevisst dei plikter og ansvar det inneber å ha sals og skjenkeløyve. I tillegg ønskjer Stranda kommune å jobbe for at ingen tredjeperson skal bli plaga av andre sin alkoholbruk. Ein viktig føresetnad for å få dette til er

ein god dialog og samarbeid mellom kommunen som løyvemynde, løyvehavar, kontrollmynde og politiet. Kommunen vil jobbe aktivt for å sikre dette.

### **3.4 Ulike instansar i Stranda kommune**

#### **Heimen**

Foreldre og andre omsorgspersonar har den viktigaste rolla/oppgåva til å gi borna ein god oppvekst, samt er viktige i det førebyggjande arbeidet. Foreldra og føresette er rollemodellar og set grenser for borna. Foreldra må ha kunnskap om rusmidlar og deira verkeområde, og vere bevisst om at deira haldningar og drikkemønster påverkar borna sin levemåte.

#### **Barnehage**

Barnehagen er ein førebyggjande arena som i samarbeid med heimen skal gi borna ei god barndom. Etter lova har barnehagen opplysningsplikt til kommunal helse- og omsorgstenester og barnevern/kommunelege 1, dersom ein oppdagar tilhøve som bør føre til tiltak frå kommunen si side.

I eit rusførebyggjande perspektiv kan følgjande to oppgåver bli dekt av barnehagane: Å oppdage og hjelpe born som lir på grunn av vanskelege rusmiddelbruk i familien, samt hjelpe til at borna får eit godt fundament som gjer dei robuste i møte med rusmidlar seinare i livet.

#### **Skulen**

Skulen skal ha eit utoverretta relasjonsbyggjande arbeid mot elevar og føresette. Skulen skal ta i vare elevane sine behov for omsorg og tryggleik. Tilsette i skulen har etter lova opplysningsplikt, om ein oppdagar forhold som ein meiner er alvorlege, eller ikkje haldbare for den enkelte elev.

Skulen er hovudsakleg ein utdanningsinstitusjon, og elevane i Stranda kommune er innom tema med rusførebyggjande innhald som

- Helse og livsstil, og korleis det kan påverke oss.
- Rusmiddel og tobakk, og korleis det påverkar samfunnet og oss sjølve.
- Drøfting og refleksjon rundt etiske og moralske retningsliner i samfunnet vårt.
- Drøfting og refleksjon rundt eigne og andre sine grenser.
- Elevar på ungdomstrinnet deltek på Aksjonsveka mot rus og deira sine arrangement.

Med det til grunn skal skulen hjelpe elevane til å bli sjølvstendige, robuste og ansvarsfulle medmenneske.

#### **Barnevernet**

Barnevernstenesta driv sitt arbeid ut i frå lov om barnevernstenester, og arbeider førebyggjande på fleire arenaer.

Føremålet med barnevernslova er å sikre at barn og unge har gode/trygge oppvekstvilkår. Tenesta skal vere ein pådrivar for å styrkje førstelinetenesta i skular, barnehage for å gjere det førebyggjande arbeidet blant born og familie best mogleg.

Dei sentrale oppgåvene til barnevernstenesta er å undersøkje barnet sin omsorg situasjon, sette i verk hjelpetiltak og om naudsynt fremje forslag om tiltak til Fylkesnemnda.

Barnevernet kan krevje at foreldre vert rustesta ved mistanke om rusmisbruk. Der det er behov for hjelp, skal barnevernstenesta tilby frivillige tiltak i heimen.

### **Helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom og jordmortenesta.**

Helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom og jordmortenesta skal bidra til å førebyggje sjukdom og fremme god fysisk og psykisk helse hos gravide, føresette, barn og unge 0-20 år. Innhaldet i tenesta er regulert gjennom lover og føreskrifter. Helsedirektoratet utarbeidar retningslinjer som er normerande for drifta av tenesta.

Helsestasjonen sine tenester har fokus på rusførebyggjande arbeid ved at temaet blir tatt opp gjennom graviditet, småbarnstid og ungdomstid. Til gravide og til føresette informerer og rettleiast det om kva uheldige konsekvensar bruk av rusmidlar vil ha for helse og utvikling til barnet/ungdommen. I skulehelsetenesta blir etter kvart fokuset og retta mot ungdommens eigne forhold til rusmidlar. Jordmor og helsestasjon arbeidar tverrfagleg med andre etatar, fastlegar, barnevern og PPT.

### **Legetenesta**

Gode og nære relasjonar mellom brukar og fastlege/legetenesta er viktig ved helseutfordringar. Dette også når legen får mistanke om uheldig rusmiddelbruk eller misbruk og helseskadeleg åtferd. Legen/sjukehuset tek oppfølgingsamtale med pasienten om rusmiddelbruken og gir tilbod om tilvising ved behov for behandling.

Særlege arbeidsoppgåver og utfordringar for legetenesta:

- Ein tilvisande instans for avrusing og rusbehandling
- Legane i Stranda vil halde fram og forsterke ein ansvarleg foreskrivingspraksis i kommunen. Å ha særleg merksemd på alvorlege følger utskrivning av vanedannande medikament kan føre til og på menneske i risikosona for slike problem er eit fokusområde innanfor legetenesta.
- Legetenesta i kommunen har gjennom sin nære og breie befolkningskontakt, ein framskoten «observatørrolle» når det gjeld utvikling, bekymringsmeldingar og kunnskap om det som rører seg innanfor rusfeltet i kommunen. Legane har ved fleire høver meldt frå om at kapasiteten innanfor dei samla kurative oppfølgingstenestene innanfor rusfeltet i kommunen ikkje er tilstrekkelege i forhold til behova.

### **Folkehelse**

Folkehelse er ingen eiga eining, men spelar ei viktig rolle kva gjeld førebygging av rus og psykisk helse. Folkehelsekoordinator skal styrke innsats for tidleg arbeid, koordinere førebyggjande arbeid, ha oversikt over kvar og på kva felt det trengs målretta helsefremmande innsats, samt drive systematisk og langsiktig samfunnsplanlegging for å betre folkehelsa.

### **Sosialtenesta og Eining for habilitering/rehabilitering.**

Psykiatri/rus i Sosialtenesta skal primært yte tenester til heimebuande 18-65 år. Samtaletilbodet er gratis. Ein kan også tilby heimebesøk ved behov. Dette er eit

lågterskeltilbod som betyr at ein ikkje må ha tilvising frå lege. Ein kan ta direkte kontakt enten ved å ringe, sende brev eller møte opp.

Sosialtenesta er som legetenesta tilvisande instans i kommunen til spesialisert rusbehandling. Det er berre legetenesta som kan tilvise til avrusing. Ved vurdering av tvang innan rus, er dette i dag lagt innunder sosialtenesta.

Eininga gir også eit tilbod om samarbeid før, under og etter behandling i spesialisthelsetenesta.

Dei pårørande til brukarane vil få rettleiing etter behov og i samråd med brukar, der pårørande har eit sjølvstendig behov vert eigen tilrettelagt hjelp/rettleiing gitt.

Eining for habillitering/rehabilitering yt miljøterapeutiske tenester til personar med samansette behov.

Målgruppa er personar med diagnose: Psykisk utviklingshemming, psykiske lidningar og/eller ruslidningar.

Målet med all habillitering/rehabilitering er at tenestemottakar skal oppnå eller vedlikehalde eit best mogleg funksjons- og meistringnivå. Eininga gir også eit aktivt dagsenter-tilbod til enkelte brukarar.

Koordinerande eining vurderer og gir tilbod om individuell plan, eventuelt koordinator der fleire tenester er inne.

Resultat av registrering i Brukarplan (tverrfagleg kartlegging av brukarar og behov) i Stranda kommune dei 2 siste åra syner at der er ganske mange sett i forhold til befolkninga som er i kategorien «raudt/blodraudt» eller «blålys» som ordlyden er i dag. Det er personar som scorar dårleg på fleire levekår og som har store behov for kommunale tenester, tenester frå spesialisthelsetenesta og NAV. Dei har store og samansette behov og utfordringar i sin kvardag og ein ser at dei er avhengig av tenester frå ulike einingar. Eit godt tverrfagleg samarbeid både internt og med spesialisthelsetenesta er sentralt. Ein samarbeider bra i dag, men ein ser at kommunen har utfordringar med å følgje opp ettervernet etter opphald i spesialisthelsetenesta og for brukarar med større behov. Ein klarer ikkje å være tett nok på i kvardagen og tilbodet ein har blir for lite robust til å førebyggje tilbakefall.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt tilsyn inn mot brukargruppa ROP-pasientar (rusmiddelproblematikk og psykiske lidningar) der dei har intervjuet enkeltpersonar som mottok teneste i kommunane. Tilsynet viser at ROP-pasientar er ei sær sårbar brukargruppe og det er spesielt 3 risikopunkt som kjem fram:

- Manglande samordna tenester.
- Manglande tilpassa bustad.
- Manglande utredning.



## **Frivilligsentralen**

Frivilligsentralen, politi og fleire brukarorganisasjonar har vore sentrale i det førebyggjande arbeidet retta opp mot eldre, born og unge. Som for eksempel Kafé 60+, ulike treffpunkt på sentralen, Natteramn, Open hall og Aksjonsveka mot rus m.m.

## **Eining for kultur og fritid**

Eininga skal bidra til å skape arenaer der innbyggjarane i kommunen kan utfolde seg, bygge sjølvtilitt og skape trygge relasjonar i eit rusfritt miljø. Kulturskule, bibliotek, idrett og andre fritidsaktivitetar er førebyggjande, og er med på å danne grunnlag for god folkehelse. Kulturskulen er primært eit tilbod til barn og unge.

Eininga samarbeider jamt med lag og organisasjonar, i stor grad i form av å legge til rette for eit variert fritidstilbod for alle innbyggjarane. Kvart år deler ungdomsrådet ut ungdomsmidlar til rusfrie ungdomstiltak i kommunen.

## **Servicekontoret**

Servicekontoret har ansvar for forvaltning av :

- Søknad om skjenkeløyve, salsløyve, tilverkingsløyve, ambulerande løyve, løyve for enkeltanledningar, utvida skjenkeareal, og søknad om utvida skjenketid.
- Tilretteleggje og gjennomføre kunnskapsprøver etter alkohollova.
- Omsetningsoppgåve som grunnlag for avgifter sals- og skjenkeløyve.
- Kontrollverksemda og oppfølging av avvik etter alkohollova.

Servicekontoret skal arbeide med alkohollova der ein gir løyvehavar rettleiing, samt utarbeide retningslinjer av ruspolitiske arbeidet i Stranda kommune.

## **NAV Stranda og Sykkylven**

For personar med rusavhengigheit og/eller psykisk sjukdom er det behov for tett oppfølging som er tilpassa personen sine behov, og fysiske møter med ein fast rettleiar. Rettleiing i høve arbeid skal inngå i all dialog med brukarar som treng hjelp til å skaffe seg eller stå i arbeid/aktivitet. Rusavhengigheit og psykisk sjukdom kan være eit hinder for å skaffe seg eller stå i arbeid/aktivitet, og NAV si oppgåve er å foreta ei vurdering av arbeidsevna. Det er vesentleg at NAV har eit tett samarbeid med fastlegar og rus- og psykisk helseteam i kommunen, kartlegging av rusavhengigheit og/eller psykisk sjukdom og vurdering av behov for tiltak.

NAV har ei plikt til å kartlegge;

- Om personen har omsorg for barn? Og vurdere om det er indikasjonar på at rus og/eller psykisk sjukdom kan utgjere ein risiko for barnet? Ved mistanke om omsorgssvikt har NAV plikt til å melde frå til barnevernstenesta, jf. rundskriv til sosialtenestelova § 45.

- Om personen er gravid? Og melde frå til sosialtenesta som har ansvaret for ei eventuell tvangssak, jf. helse- og omsorgsloven § 10.

- Om det er behov for tenestene økonomisk opplysning, råd og rettleiing, jf. rundskriv til sosialtenestelova § 17.

- Om det er andre instansar som er eller bør ha oppfølging på personen? Og vurdere om det er behov for individuell plan, jf. rundskriv til sosialtenestelova § 28.

#### **4.0 ARBEIDSGRUPPA SI VURDERING**

Stranda kommune er ei kommune der tal på skjenkeløyva i forhold til innbyggjartal ligg høgt. Dette er også naturleg då vi er ei turistdestinasjon. Ein tenkjer at innkomne avgifter frå sal- og skjenking øyremerkast. Midla skal gå til førebyggjande tiltak som for eksempel:

- Auke tal kontrollar.
- Av-og-til kommune.
- Aksjonsveka mot rus.
- Kompetanseheving inn mot det frivillige og kommunale tenesteområdet m.m.

Arbeidsgruppa foreslår at Stranda kommune meldar seg inn i organisasjon Av-og-til, som er ein alkovettorganisasjon som arbeider med befolkningsretta kampanjar. Målet er ikkje å få befolkninga til å slutte å konsumere alkohol, men at ein skal redusere alkoholbruken der det kan vere farleg eller gå utover andre. I samband med dette, tenkjar ein også at idrettsarrangement bør vere alkoholfrie arenaer. Nye Ungdata tal frå 2020 understrekar kor viktig det førebyggjande arbeidet er og ein veit i dag at det er en samheng mellom høg debut alder og mindre alkoholkonsum i vaksen alder.

Kommunen har vore i Robek i fleire år, noko som har hatt innverknad på at vi har eit reduserte tilbodet i dag. Fleire av brukarane våre er «svingdørspasientar» og ettervernet i kommunen klarer ikkje å følgje opp/tett nok på i tilstrekkeleg grad. Dette ser vi også inn mot ei aldrande befolkning der rusproblematikk er eit aukande problem. Ein ynskjer å opprette eit tverrfagleg team med ulik kompetanse som kan følgje opp dei heimebuande i større grad enn i dag.

Fylkesmannen har understreka til Stranda kommune i brev at vi har fått ei auke i rammetilskot i tråd med Opptappingsplanen for rusfeltet med kr 692 076 i perioden 2016-2020. Videre skriv dei at Helsedepartementet forventar at desse midlande vert brukt til å styrke det kommunale rusarbeidet slik at dei som slit med rusproblem skal få tverrfaglege, heilskaplege og samanhengande tenester. Vi har difor i tiltaksplanen foreslått følgjande tiltak:

- Opprette ei ny 100% stilling til styrking av det kommunale tenesteapparatet inn mot ROP.
- Jobbe fram eit fleirfagleg oppfølgjande team retta mot rus og psykisk helse, der vi i dag har fått midlar frå Fylkesmannen.

Vi ser eit aukande behov for kompetanseheving i heile kommunen innan for rus og psykisk helse. Vi har difor foreslått ulike tiltak rette mot dette, samt at personane som innehar oppretta stillingar skal ha eit ansvar inn mot opplæring og rettleiing av andre tilsette i kommunen. Sjå matrise.

## 5.0 OPPFØLGING AV ARBEIDET

### 5.1 Ansvar for oppfølging

Ansvar og tidsperspektiv for einsskille tiltak er lagt til grunn i tiltaksplanen under. Det overordna ansvaret for oppfølginga ligg til rådmannen.

### 5.2 Tiltak som krev tilførte ressursar som skal arbeidast inn i økonomiplan

Mange av tiltaka i denne planen vil i kommunestyreperioden kunne gjennomførast innanfor driftsrammene til dei einsskille einingane, medan andre krev prioritering frå kommunestyret si side.

#### Universell

Tolking av universell førebygging er strategi og tiltak som er retta mot alle, utan å skilje mellom gruppe og individ.

#### Selektive tiltak

Selektiv førebygging er strategiar og tiltak som er retta mot risikogrupper og/eller risikosituasjonar.

#### Indikativ tiltak

Indikativ førebygging er strategiar og tiltak som er retta mot einsskildpersonar der risikofaktorar og /eller konkrete problem er observert og erfart.

<b>TILTAKSPLAN RUSPOLITISK ARBEID I STRANDA KOMMUNE 2020-2024</b>				
<b>UNIVERSELLE TILTAK</b>				
<b>NR</b>	<b>TILTAK</b>	<b>TID</b>	<b>ANSVAR</b>	<b>ØKONOMI</b>
1	Utarbeide alkoholpolitiske retningslinjer	Vedtak mai 2020	Leiar av Servicekontoret	Budsjett
2	Auka kontrollar med sals og skjenkestadar	2020 og vidare	Leiar av Servicekontoret	Dekning skal gå frå gebyr frå sal- og skjenkeløyve
3.	<b>Av og til kommune:</b> Haldningskampanje: alkohol og alkoholbruk retta mot heile befolkninga.	2021	Kommunal koordinator for Av og til i Stranda	Dekning skal gå frå gebyr frå sal- og skjenkeløyve
4	Gjennomføre Ung-data undersøking og sette i gong tiltak for oppfølging av resultat	Feb/mars 2020	Folkehelsekoordinator	Budsjett
5	Vidareføring av interkommunalt samarbeid med Politi og nabokommunar	2020	-Kommunalsjef helse -Kommunalsjef oppvekst	Budsjett

<b>FØREBYGGJANDE ARBEID MOT BARN OG UNGE/VAKSNE</b>				
<b>NR</b>	<b>TILTAK</b>	<b>TID</b>	<b>ANSVAR</b>	<b>Økonomi</b>
1	Aksjonsveka mot rus	Kvart år	Dagleg leiar Frivilligsentralen.	Innsamla midlar Tilskot off. Frivillige organisasjonar

			Samarbeidande instansar, frivillige lag og organisasjonar	
2	I regi av aksjonsveka mot rus, arrangere foreldretreff	Kvart år	Dagleg leiar Frivilligsentralen. Samarbeidande instansar, frivillige lag og organisasjonar	Innsamla midlar Tilskot off. Frivillige organisasjonar
3	Styrke BTI (betre tverrfagleg innsats) team på skulane og i barnehagane	Kontinuerleg	-BTI leiargruppa -Kompetansesenter rus Midt-Norge	Budsjett
4	Svangerskapskurs/foreldreforbereade kurs	Kontinuerleg	-Leiande helsesjukepleiar -Jordmor	Budsjett
5	Treffstad for småbarnsfamilie, der ein kan ta opp ulike tema	Kontinuerleg	-Leiar frivilligsentralen -Leiande helsesjukepleiar	Budsjett
6	Skulehelsetenesta jobbar med å førebygge bruk av alkohol og andre rusmidlar bland elevane i samarbeid med skulane, ved å drive helseopplysning, rådgjeving og rettleiing individuelt og i grupper	Kontinuerleg	-Leiande helsesjukepleiar -Einingsleiarar skule	Budsjett
7	Ungdomsklubb	2020-2023	Folkehelsekoordinator og arbeidsgruppe	Midlar frå folkehelseprogrammet
8	Stranda kommune oppmodar alle bedrifta til å ha AKAN-kontakt. AKAN skal være eit satsingsområde i Stranda kommune	Kontinuerleg	-HMT rådgjevar -Hovudverneombod	Budsjett
9	Brukarplan Kartlegging av brukarane i kommunen for framtidig planlegging og hjelpebehov	kontinuerleg	Leiar for koordinerande eining	Budsjett

STYRKING OG SAMORDNING AV KOMMUNALE TENESTER				
NR	TILTAK	TID	ANSVAR	ØKONOMI
1	Vidareføre Natteravordninga der ein går turnus etter oppsett plan	Kontinuerleg	Dagleg leiar av Frivilligsentralen	Budsjett
2	Jobbe fram eit fleirfagleg oppfølgjande team. I dag har vi midlar frå Fylkesmannen som dekkjer ei 100% stilling. Denne må vidareførast	2021	-Einingsleiar hab/rehab -Einingsleiar sosialtenesta	I dag finansiert av midlar frå Fylkesmannen, gradvis reduksjon og må leggast inn i budsjett frå 2021

3	Opprette ei ny 100% stilling til styrking av det kommunale tenesteapparatet inn mot ROP	2021	-Einingsleiar Sosialtenesta -Einingsleiar hab/rehab	Rammetilskot
4	Gi eit tilpassa dagtilbod og fritidstilbod til den einskilde brukar og gruppe.	Kontinuerleg	Einingsleiar hab/rehab	Budsjett
5	Gjere stillinga Ungdoms-Los permanent Individuell oppfølging av born/ungdom med høg risiko for å droppe ut av skulen	Etter 2023	-Einingsleiar PPT -Einingsleiarar skule	I dag finansiert av tilskott frå Bufdir. Må leggast inn i budsjett frå 2023
6	Vidareføring av BTI satsing med eit forpliktande samarbeid mellom alle tenester i kommunen, både born og vaksne	Frå hausten 2020	-Kommunalsjef helse- og omsorg -Kommunalsjef oppvekst	Budsjett
7	Opprette fleire tilrettelagte bustadar	2022-2023	-Kommunalsjef plan -Kommunalsjef helse- og omsorg	Søknad/ husbank Auke budsjett
8	Auke kunnskapen om rusmiddel i det kommunale tenesteapparatet. Seminar- Fylkesmannen- Vidareutdanning innan rus/psykiatri – Innføring nye verktøy i kommunen	Kontinuerleg	Einingsleiarane i Stranda kommune	I budsjett Søke midlar og gebyr frå sal- og skjenkeløyve
9	Rettleiing av kommunalt tilsette	Kontinuerleg	-Leiande psykolog -Tilsette i psykisk helseteam	Budsjett

## Referansar

- Prop. 15 S ( 2015-2020) Opptappingsplanen for rusfeltet
- Meld.St. nr. 16 ( 2010- 2011) Nasjonal helse – og omsorgsplan ( 2011 – 2015)
- Meld.St.nr.47 ( 2008 – 2009 ) Samhandlingsreforma
- Rundskriv IS 1/ 2015, Nasjonale mål og prioriteringar på helse- og omsorgsområdet i 2015, Helsedirektoratet.
- Meld. St.19 ( 2018 – 2019) Gode liv i eit trygt samfunn»

Helse og omsorgsdepartementet ,2012 St. 30 ( 2011- 2012( se meg En helhelig rusmiddelpolitikkk

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-30-20112012/id686014>

Helse og omsorgsdepartementet 2015a. Meld. St. 19 ( 2014- 2015)

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-2014-2015/id2402807>

Folkehelsemeldinga

SIRUS, 2016 . Rusmidlar i Norge

[https://fhi.no/.../rapporter/2016/rusmidler i norge 2016.pdf](https://fhi.no/.../rapporter/2016/rusmidler_i_norge_2016.pdf)

SIRUS 2016.Alkoholomsetnad statestikk

[https://www.rustelefonen.no/veiledning-til-skoleoppgave/rusmidler-norge-statistikk.](https://www.rustelefonen.no/veiledning-til-skoleoppgave/rusmidler-norge-statistikk)

Ungdata 2020, Stranda kommune statestikk for ungdomsskule og vidaregåande skule  
Sykkylven lensmannkontor ( statestikk- 2016 – 2019)


## Vedlegg 1 Ung-data for ungdomskulene

### Alkohol

ungdata

OSLOMET  
STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOWA

Hender det at du drikker noen form for alkohol?  
Antall svar 131




### Alkohol

ungdata

OSLOMET  
STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOWA

Hvor gammel var du første gangen du drakk så mye alkohol?  
Antall svar 131




### Alkohol fra foreldre

ungdata

OSLOMET  
STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOWA

Hender det at du får alkohol av dine foreldre/foresatte?



## Tilgjengelighet cannabis


ungdata

OSLOMET

STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOW

Hvis du ønsket å få tak i hasj eller marihuana, tror du at du ville klare å skaffe deg stoffet i løpet av to til tre dager?

Antall svar 122



## Vedlegg 2 Ung-data for videregående

### Rusmidler


ungdata

OSLOMET

STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOW

Har du i løpet av det siste året (de siste 12 månedene) blitt tilbudt hasj eller marihuana?

Antall svar 217



### Alkohol


ungdata

OSLOMET

STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOW

Får du lov til å drikke alkohol av dine foreldre/foresatte?

Antall svar 211





## Alkohol

ungdata

OSLOMET

STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NORA

Hvor gammel var du første gangen du drakk så mye alkohol?

Prosentandelen er beregnet blant de som har drukket så mye som en alkoholenhet.

Antall svar 213

